



Arkivnr: 2015/2151-74

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.11.2015

## Lokale kulturbygg - klage på vedtak frå Ask menighetshus

### Samandrag

Saka gjeld handsaming av klage på vedtak i Kultur- og ressursutvalet, fatta 20.08.2015, om fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg 2015. Etter tildelinga i 2015 er det kome inn ei klage. Klaga er førebudde av Kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet til ny vurdering jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Dersom Kultur og ressursutvalet ikkje omgjer vedtaket, vert saka send til Kulturdepartementet for endeleg avgjerd jfr forvaltningslova § 33 4. ledd. Kulturdepartementet har utarbeidd kriteria og retningslinjene for tildeling av desse midlane.

### Forslag til vedtak

Askøy kommune – Ask menighetshus: Kultur- og ressursutvalet opprettheld avslag på søknaden.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 06.10.2015

### Bakgrunn

Saka gjeld handsaming av klage på vedtak i Kultur- og ressursutvalet, fatta 20.08.2015, om fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg 2015. Etter tildelinga i 2015 er det kome inn ei klage.

### Om ordninga

Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og ute-arenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, til dømes scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygg, men ikkje til vedlikehald eller drift. I tråd med retningslinene skal bygningane i størst mogleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Fylkeskommunen har det samla forvaltningsansvaret for spelemidlar til kulturbygg gjennom den desentraliserte ordninga for kulturbygg. Kulturdepartementet har utarbeidd kriteria og retningslinjene for tildelinga av midlane.

Klaga er førebudd av Kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet til ny vurdering jf. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Dersom Kultur- og ressursutvalet ikkje fattar vedtak om omgjerding, vert saka sende Kulturdepartementet for endeleg avgjerd jfr forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

### Klaga:

#### Askøy kommune – Ask menighetshus

Ask menighetshus søkte om tilskot på kr 310 000,- til utbygging og tilrettelegging for universell utforming med handicaptoalett. Kostnadssum på kr 930 000,-

I følgje søknaden om spelemidlar vert Kultursalen brukt av barnekor, idrettslag, Fergebordet, konserter og andre kulturarrangement. Og det er oppgitt at det var inga begrensningar i høve kven og kva huset kan brukast til. Ask menighetshus sin kultursal er eit av få samlingspunkta på Ask.

Vurdering i vedtaket var: Fylkesrådmannen finn ikkje midlar ved denne tildeling  
Tilråding: Avslag

### Ny vurdering:

Ask menighetshus har klaga med fyljande grunngeving: «Grunnen til klagen på vedtaket er at vi ikke kan forstå at det ser ut til å være rikelige midler til idrett, men at vi ikke får noe fordi huset ikke er livssynsnøytralt. I dag er virksomhet i huset svært lite møtetreget. Hovedbrukerne er barnegospelkoret «Stjernegnisten», Kristen Idrettskontakt og «Fergebordet» som er samler mellom 40 og 50 seniorer to ganger i måneden. Det dreier seg i første rekke om å ha et sted der barn og unge kan samles i et godt miljø og bygdens eldre kan samles til sosiale og kulturelle samvær. Flertallet av dem som slutter opp om Fergebordet har liten tilknytning til kirken, og vi opplever at dette tiltaket er blitt en brobygger i bygden, et sted det folk samles og trives uansett livssyn.»

Når det gjeld rammene for ordninga er og fylkeskommunen si fordelinga av spelemidlar til idrett kontra kulturbygg, er dette noko som ligg utanfor Hordaland fylkeskommune sitt ansvar.

Avslag på søknad om tilskot til Ask menighetshus er ikkje gjeve fordi tiltaket ikkje er livssynsnøytralt, men på grunn av manglande midlar.

Etter slik vurdering kjem fylkesrådmann til følgjande konklusjon: Klagen vert ikkje teke til følgje.